

Til Valstyra i kommunane i nye Vestland fylke

Dato: 06.09.2019
Vår ref.: 2019/15914-9
Saksbehandlar: ingtakl
Dykkar ref.:

Informasjon til valstyra i kommunane - pakking og levering av valmaterieil

Då nærmar det seg raskt valdagen og de har jo allereie heldt på lenge med førehandsrøystegjeving. Vi håpar at det har gått greitt for dykk alle.

Vi har nokre punkt vi ønskjer å presisere for dykk, samt noko ny informasjon.

Stikkprøvar

Vi vil be dykk om å pakke nokre særskilte «esker» med strekkodar for oss. Dette gjeld alle kommunane, både de som skannar og de som tel manuel. Valgdirektoratet tilrårder at alle som skannar har stikkprøvar. Det er to typar stikkprøvar, på røystesetel i samband med rettingar og på boks i samband med partifordeling. Merk at dette er ei stikkprøve for å sikre at skannarar og skanningssystem ikkje er hacka, det er ikkje ei sjekk mot teljinga som de føretek. Vi vert tilråda å ha ei stikkprøve per teljekategori per krets per kommune, samt ei stikkprøve kvar gong vi vel å telje ei kategori på nytt. Det vert mange stikkprøvar og for å sikre at kontrollteljinga ikkje vert seinare ferdig enn naudsynt vil vi be dykk om å pakke nokre særskilte «esker» med strekkodar for oss. (Esker står i hermeteikn fordi det treng ikkje faktisk vere ei eske, det kan og til dømes vere ein konvolutt, men det må vere tilhøyrande ein strekkode.)

- Ein stikkprøve skal vere på 70 røystesetlar. Helst med røystesetlar frå fleire parti.
- Vi ber om at de markerer denne «eska» slik at det er enkelt å sjå kva eske som inneheld stikkprøva. Den skal ha ei strekkode på lik line med dei andre «eskene» i same teljekategori, slik at den vert markert med til døme strekkode 3/4 om de har 4 strekkodar i den teljekategorien.
- Dersom de ikkje har 70 røystesetlar i ein teljekategori, til dømes «Særskilt omslag» så vert det ingen stikkprøve i denne teljekategorien for dykk.

Stempel

Som de kanskje har sett har det vore nokre problem med røystesetlar som vert føreslått forkasta fordi stempelet er for svakt. Ver merksam på at de brukar svart blekk og gode stemplar, slik at stempelet vert godt synleg på røystesetelen. Elles vert det mykje manuelt arbeid under skanning.

Strekkodar

Hugs å ta med alle strekkodane, og skriv ut det talet strekkodar det treng. Til dømes om de skal skrive ut 4 strekkodar skal det stå 1/4, 2/4, 3/4 og 4/4. Ikkje 4 strekkodar med 1/1. Dersom de finn at de ikkje treng alle 4 strekkodane, i dette dømet, men bare har 3 «esker» tek dykk med alle 4 strekkodane og forklarar at den eine er ubrukt/«tom».

Pakking av røystesetlar

Vi ber om at alle røystesetlane ligg same vei.


De fekk tidlegare beskjed om at røystesetlane for synshemma skal ligge innimellom dei andre røystesetlane i same kategori. Etter testing visar det seg at røystesetlane for synshemma stoppar skanninga. Vi ber dykk difor no om å legge røystesetlane for synshemma øvst i kvar teljekategori slik at dei er godt synlege og vert skanna for seg.

Hugs at dei forkasta røystesetlane og skal vere med i den teljekategorien dei høyrar til, ikkje vere pakka for seg sjølv. Vi må uansett skanne dei i den teljekategorien og forkaste dei.

Levering av valmaterieil til fylkeskommunen

Det har vore ein del spørsmål om det er mogleg å samkøyre med valmateriellet til fylkeskommunen. Det går heilt fint. Men; den som leverer valmateriellet til fylkeskommunen må kunne svare på alle spørsmål og gjere eventuelle endringar/rettingar for valmateriellet ved overleveringa onsdag 11.09. i Strømgaten.. Difor må vedkommande ha god kommunikasjon med valansvarleg i kommunen dei leverer valmateriellet for.

Vi sendte ut eit kart over Strømgata 1, der de skal levere valmateriellet, i førre veke. Vi har nett fått beskjed om at innkjøringa de skal bruke går direkte frå Strømgaten, som de kan sjå her:



Bertil Søfteland

Valansvarleg / sekretær fylkesvalstyre

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.